

Innretting og kriteria for Vestland fylkeskommune sitt utviklingsstipend i tradisjonshandverk

Lagt fram til vedtak i Hovudutval for kultur, idrett og integrering 17.02.2021

Føremål

Satsinga skal fremje handverksfagleg utvikling knytt til tradert kunnskap i Vestland fylke gjennom auka kompetanse på restaureringshandverk og ivaretaking av immateriell kulturarv ved dokumentasjon og utøving av eldre handverkstradisjonar, med vekt på dei som er knytt til vestnorsk byggeskikk og maritim kulturarv.

Stipendet skal skape stoltheit og merksemd om den sentrale rolla tradisjonsberande handverkarar har i å ta vare på kulturminne og vidareføra den immaterielle kulturarven til framtidas generasjonar.

Kven kan søkje

Profesjonelle handverkarar innan tradisjonelle handverksfag som bur og har sitt virke i Vestland fylke. Stipenda kan tildelast:

- tradisjonshandverkarar

Kan også tildelast dei som arbeider med:

- verktøymaking knytt til eldre handverksteknikkar
- dokumentasjon og formidling av immateriell kulturarv
- kortreist materialproduksjon

Som eit minimum er det krav om fullført vidaregåande opplæring med fagbrev / sveinebrev, eller minst 5 års relevant arbeidserfaring utan fag- / sveinebrev.

Stipendet kan berre søkjast av enkeltpersonar (ikkje grupper).

Museumshandverkarar tilsett i regionale museum som i hovudsak er offentleg finansierte, kan søkje, men ordninga vil prioritera kompetansebygging av tradisjonshandverkarar tilsett i konkurranseutsette handverksbedrifter.

Om ein tidlegare har fått stipend frå Vestland fylkeskommune, skal det gå minst 3 år før ein vil bli vurdert for eventuelt nytt stipend.

Kva kan ein få støtte til?

Det lysast ut utviklingsstipend i tradisjonshandverk og det skal tildelast eit stipend på 50 000 kroner.

Stipendet skal gje profesjonelle handverkarar høve til utvikling gjennom kompetansehevande tiltak. Stipend kan t.d. nyttast til dokumentasjon av eldre handverksteknikkar eller dekking av utgifter knytt til utprøving av teknikkar, opplæring eller kursing, inkludert kompensasjon for tapt arbeidsinntekt.

Det vert ikkje gitt støtte til offentleg godkjend utdanning som gjev rett til studielån.

Søknadsfrist

Søknadsfristen er 1. april. Søknadsfristen for seinare år kan justerast.

Krav til søknad

Søklar må fylle ut det nettbaserte søknadsskjemaet for ordninga. Det kan visast til relevante nettløyper og leggjast ved eitt PDF-vedlegg på inntil 9 MB. Det kan lastast opp lyd- og filmløyper i tillegg, der dette er relevant.

Vurdering

På bakgrunn av innsendt søknad vert det gjort ei skjønsvurdering av korleis ein vil nytte ein stipendperiode til utvikling/fordjuping/fagleg påfyll.

Stipend vert prioritert til tradisjonshandverkarar som:

- A. er i etableringsfasen eller under 30 år.
- B. nyttar utviklingsstipendet i samband med konkrete istandsettingstiltak på verna eller freda kulturminne

I vurderinga vert det i tillegg lagt vekt på:

- Søkjar sin evne til målretta arbeid over tid
- Fagleg dugleik
- Deling av kunnskap og kompetanse med andre
- Ivaretaking av truga immateriell kulturarv

Vilkår for tilskot

Fylkeskommunen kan krevje betalt attende tilskot som vert nytta i strid med gjevne vilkår.

Sakshandsaming og vedtak

Det skal oppnemnast ein rådgjevande fagkomité for stipenda. Komiteen skal setjast saman av fagfolk frå utvalde organisasjonar og -institusjonar. Det skal vere ei blanding av fagfellevurdering og antikvarfagleg kompetanse i komiteane.

Følgjande organisasjonar/institusjonar vert bedne om å nemne opp eit medlem til fagkomiteen for utviklingsstipend i tradisjonshandverk i Vestland:

- Handverkslaget - Foreningen for Tradisjonshandverk
- Fagskolen i Vestland, Vestland fylkeskommune
- Hardanger fartøyvernsenter, Hardanger og Voss Museum
- Seksjon for kulturarv, Vestland fylkeskommune

Organisasjonane står fritt til å velje kven dei vil peike ut som sine representantar til komiteen. Medlemmane skal oppnemnast for to år av gangen.

Stipendkomiteen er rådgjevande og skal vurdere og innstille ein søkjar. Innstillingane skal vere grunnjevne. Det vert ikkje lagt fram offentlege vurderingar av andre enn den nominerte kandidaten.

I komitéarbeidet skal god forvaltningsskikk og forvaltningslova sine reglar om ma. habilitet og teieplikt ligge til grunn.

Basert på arbeidet i komiteen skal avdeling for kultur- og idrett og inkludering - seksjon for kulturarv/Fylkesdirektøren ta den siste heilskaplege vurderinga og legge fram innstilling til Hovudutval for kultur, idrett og integrering som gjer endeleg vedtak i saka.

Oppfølging og rapportering

Dei som får tildeling må sende inn kort rapport på bruken av stipendet innan 3 månader etter at stipendperioden er ferdig. Rapporten skal syne korleis stipendet er nytta og kva resultat mottakaren har oppnådd i perioden.

Klage

Vedtak om tildeling av stipend er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b. Det er såleis klagefrist på vedtaket innan 3 veker etter at det er motteke skriftleg underretning.